

Til tingretten/byfutembetet

Erklæring om privat skifte av dødsbu (Overtaking av arv og gjeld)

Stad og dato

Opplysningar om avlidne

Namn	Fødselsnummer (11 siffer)	Dødsdato
Bustadadresse	Postnr.	Poststad

Avlidne var ved sin død: (kryss av i rett rute)

- Ugift/skilt Separert Gift
- Enkje/enkjemann eller attlevande sambuar. Ektefellen/sambuaren døydde (dato)
- Avlidne sat i uskifta bu Buet etter førstavlidne er skifta

Testament

- Avlidne etterlet seg IKKJE testament/gjensidig testament/arvepakt
- Avlidne etterlet seg testament/gjensidig testament/arvepakt av dato(er):
- Legg ved testament i original dersom dette ikkje tidlegare er sendt inn/innlevert til retten.

Opplysningar om ektefelle eller sambuar med arverett (kort orientering på side 2)

Rubrikken skal eventuelt fyllast ut med namn på attlevande ektefelle/sambuar eller namn på før avlidne ektefelle/sambuar.

Namn	Fødselsnummer (11 siffer)
Bustadadresse/siste bustad	Postnr. Poststad

Opplysningar om arvingar

Det er ikkje naudsynt å fylla ut rubrikken dersom attlevande ektefelle/sambuar er einearving. Dersom avlidne sat i uskifta bu, eller hadde overteke buet etter gjensidig testament, må også eventuelle særskilde arvingar etter førstavlidne ektefelle førast opp. Også arvingar som ikkje tek over gjeldsansvaret må førast opp. Verjer for umyndige arvingar må førast opp på lina under den aktuelle umyndige arvingen. Dersom det er fleire arvingar enn skjemaet gir plass for, kan oversynet halde fram på eige ark. Om arvingane finn det praktisk, kan det nyttast fleire skjema.

Det er følgjande arvingar i buet:

Fullt namn	Fødselsdato	Adresse	Slektskap med avlidne
1			
2			
3			
4			
5			
6			
7			
8			
9			
10			
11			
12			

NB!

Dersom skifteattest skal skrivast ut før 60 dagar etter dødsfallet, må alle arvingar skrive under "Erklæringar frå arvingar" på side 2.

Kort orientering til arvingane

Ei meir utfyllande orientering finst på eigne nettsider om arv under www.regjeringa.no.

Generelt for alle arvingar

HOVUDREGELEN er at dødsbu skal skiftast privat. Dette kan skje om minst ein myndig arving tek på seg ansvaret for avlidne si gjeld. Er det også umyndige arvingar, må verjene for desse samtykkje i privat skifte. Verjer står for skifte saman med dei arvingane som har overteke gjelda. Er alle arvingane umyndige, kan det skiftast privat dersom alle verjene for desse overtek ansvaret for avlidne si gjeld. Det er då ikkje nok om nokre verjer berre samtykkjer i privat skifte.

GJELDSANSVARET. Fryktar arvingane at gjelda kan vere større enn verdien av formuen til avlidne, kan ein krevje at retten skriv ut preklusivt proklama før arvingar og/eller verjer overtek gjeldsansvaret. Preklusivt proklama er ei kunngjering på nettstaden norsk.lysingsblad.no og i ei avis, der kreditorane vert gjevne ein frist på seks veker til å melde krava sine. Enkelte typar krav vert ikkje ramma av proklama. Alle arvingane vert solidarisk ansvarlege for den samla arveavgifta i buet.

SKIFTEATTEST vert utskreven ved utgangen av fastsett frist (som normalt er 60 dagar frå dødsfallet) til dei arvingane som har teke på seg gjeldsansvaret. Men skifteattest kan skrivast ut med ein gong, dersom alle arvingane har teke på seg gjeldsansvaret. Er det også umyndige arvingar, kan ikkje skifteattest skrivast ut før verjene for desse har samtykt i privat skifte. Er det berre umyndige arvingar, vert skifteattest skriven ut når alle verjene for desse har overteke ansvaret for avlidne si gjeld. Dei myndige arvingane som har overteke gjeldsansvaret og/eller verjene for eventuelle umyndige arvingar, står for det private skiftet. Dei kan ordne alt saman sjølve, eller dei kan oppnemne ein fullmektig for seg. Slik fullmakt må gjevast på eige ark.

Spesielt for attlevande ektefelle

ATTELVANDE EKTEFELLE har rett til fjerdeparten av arven når det er livsarvingar etter avlidne. Minstearven skal likevel tilsvare fire gonger grunnsummen i folketrygda (4G) ved dødsfallet. Er dei nærmaste slektsarvingane foreldre av avlidne, eller avkom av desse, har attlevande ektefelle rett til halvparten av arven, likevel minst seks gonger grunnsummen i folketrygda (6G) ved dødsfallet. Er det ikkje arvingar som nemnt framfor, arvar attlevande ektefelle alt. Arveretten fell bort ved separasjonsløyve eller dom for separasjon eller skilsmisse.

EINEARVING. Attlevande ektefelle er einearving dersom den samla verdien av det som avlidne etterlet seg, med frådrag for gjeld (under dette kostnader i samband med dødsfallet, gravferda og gravstaden), ikkje overstig grensa for den aktuelle minstearven. I så fall er det berre attlevande ektefelle åleine som erklærer overtaking av arv og gjeld.

Spesielt for attlevande sambuar

Attlevande sambuar som har, har hatt eller ventar barn med avlidne, har rett til å arve fire gonger grunnsummen i folketrygda (4G). Dersom nettoverdien av dødsbuet er mindre enn 4G, er attlevande sambuar einearving (sjå ovanfor om minstearv for ektefeller). Denne arveretten kan avgrensast i testament. Dersom sambuarane ikkje hadde felles barn, arvar sambuaren berre etter testament.

Erklæringar (underskrifter) frå arvingar (og eventuelt verjer)

Den som vil gje skiftefullmakt til andre må både underskrive her og på fullmakta.

Eg/vi myndige arvingar eller verjer for umyndige arvingar, skriv under på at vi vil skifte buet privat. Eg/vi stadfestar at opplysningane som er gjevne på side 1 er riktige. Eg/vi tek på meg/oss med dette fullt og solidarisk ansvar for avlidne si gjeld og andre forpliktingar.

1	5	9
2	6	10
3	7	11
4	8	12

Samtykkje frå verjer for umyndige arvingar (Dette alternativet skal nyttast når avlidne hadde både myndige og umyndige arvingar)

Eg/vi underskrivne verjer for umyndige arvingar samtykkjer i at buet vert skifta privat.

--	--	--

Attlevande ektefelle/sambuar som meiner å vere **einearving til avlidne fordi nettoformue til avlidne er mindre enn 4G (6G)**, skal fylle ut og underskrive nedanfor. Elles kan attlevande ektefelle/sambuar nytte rubrikken for myndige arvingar ovanfor.

Eg, ektefelle/sambuar til avlidne, erklærer at eg er einearving til avlidne. Etter frådrag for gjeld og kostnader, vert verdiane til avlidne rekna til å vere totalt:

Under 4 G Under 6 G

Eg tek på meg ansvaret for avlidne si gjeld innanfor lovrammene.

Hugs å leggje ved eige skjema for buet til avlidne.

Underskrifta til attlevande ektefelle/sambuar